

Else Stevnebø
Øvre Bergveien 35
5152 Bønnes

Dato	04.01.2022
Vår referanse	2021/88062-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Svar - Nabovarsel - arealoverføring- gnr 417 bnr 14 - Rossnesvegen 483 - Alver kommune

Vi viser til nabovarsel datert 21.12.2021. Varselet gjeld frådelling av garasje-tuft som høyrer til gnr 417 bnr 14, som skal overførast til gnr 418 bnr 19.

Vi mottek varselet som eigar av fylkesveg 5484 Rossnesvegen. Vi har og ei rolle som forvaltar av fylkesveg.

Det ligg ved eit avkøyrsløyve, som seier det gjeld for hytte, men det har ikkje med eit situasjonskart som viser kva punkt til fylkesvegen løyvet gjeld.

Dersom løyvet gjeld for avkøyrspunkt til privat veg som går til fritidsbustaden for eigedom gnr 417 bnr 14 må garasje-tufta ha eit eige løyve. Og dersom løyvet gjeld for garasje-tufta må resterande del av eigedomen ha nytt løyve.

Vi ser at garasje-tufta til eigedomen ligg i regulert område, og avkøyrsløyve for denne teigen må søkast til Alver kommune. Vi ber om at kommunen ser til at eigedomane har avkøyrsløyver ved søknad om frådelling og overføring.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4